



**Fylkesmannen har no fremja motsegn mot planframlegget for sandtaket. Han held fram at framlegget med konsekvensutgreiing ikkje i tilstrekkeleg grad får fram konsekvensane av tiltaket eller synleggjer om dei avbøtende tiltaka er tilstrekkelege for å unngå skade på eit særst viktig område for biologisk mangfold - Uskedalselva.**

Fylkesmannen viser også til naturmangfaldlova som i denne saka gjev grunnlag for å krevje at reguleringsplanen i større grad syner ei løysingsom gjer at ein unngår å skade naturmangfaldet.

Det må gjerast betre greie for følgjande tema:

Sjølve tiltaket, verknad på landskap, konsekvensar av støy, støv og avrenning med klart spesifiserte avbøtande tiltak. Utarbeiding av miljøoppfølgingsprogram må og vere ein del av dette. Fylkesmannen ber om at ein nyttar kompetente fagfolk i dette arbeidet.

Fylkesmannen saknar mellom anna ei samla framstilling av korleis ein har tenkt at drifta skal gå føre seg. Det bør gjerast greie for driftsopplegget i tid og rom, kor stort det årlege uttaksvolumet er, omfanget av eventuell knusing, i kva grad massane skal vaskast, korleis vatn er tenktbrukt i produksjonsprosessen osv.

Manglande opplysningar i planframlegget gjer at det er vanskeleg å vurdere miljøkonsekvensane av tiltaket og i kva grad av forureining det vil føre med seg især.

Når det gjeld gjeldande støyretningslinene held støyrapporten seg ikkje til denne norma. Det er til dømes nytta andre måleiningar enn i retningslina og det er ikkje utført støyberekning og laga støykart med raud og gul sone. Støyrapporten gjev heller ikkje eit klårt bilete av kva føresetnader konklusjonen er trekt på. Dette gjer det vanskeleg å ta stilling til støyrapporten. Etter fylkesmannen si vurdering er ikkje støyproblematikken tilstrekkeleg handsama i konsekvensutgreiinga.

Fylkesmannen si haldning er at det ikkje kan tillast nye utslipp som fører til auka tilførsel av finstoff til Uskedalselva. Han visar til at dette er ei særst viktig lakse- og sjøaureelv og at denne elva ifjor hadde den

største elvefangsten av sjøaure i Hordaland. Elva er blant dei mest populære sportsfiskeelvane i fylket og for tida den viktigaste i Kvinnherad. Det er avgjerande at ein unngår skade på leveområda til fiskestammane i elva.

Konsekvensutgreiinga kastar ikkje lys over avrenningsproblematikken i tilstrekkeleg grad.

Det er skissert tiltak for å samla opp finstoff, men korleis denne løysinga skal sikra at det ikkje vert sleppt ut finstoff i elva er uklårt. Fylkesmannen kan heller ikkje sjå at det er vurdert korleis ein vil handtera avrenningsproblematikken i periodar med store nedbørmengder over lengre tid.

Fylkesmannen har fått opplysningar om at det kan vera grave ned avfall innanfor det området som er omfatta av planforslaget. Han gjer merksam på at kommunen har fått utvida fullmakter til å krevja ulovleg disponert avfall fjerna og ber kommunen om å sjå nærare på dette.

Av Ola Matti Mathisen